

Mal for tilstandsrapport 2015/16 vil følgje prioriteringane i Styringsdokument 2013-2015. Det vil bli utarbeidd ein ny mal neste skuleår.

Namn på skulen: Sotra vidaregåande skule

Tal elevar skuleåret 2015/16: 813

1 Hovudmål: Auka læringsutbytte og fullføring

Skulen si vurdering i lys av:

Andel fullført og bestått

Andel stryk og IV

Gjennomsnittleg fråvær

Andel sluttarar

1.1 Andel elevar ved skulen som har fullført og bestått alle fag (PULS)

2014/15	73,1% (76,4 % dersom vi ikkje reknar med elevar på alternativ plan)
2015/16	73 % (75,7 % dersom vi ikkje reknar med elevar på alternativ plan)

1.2 Total stryk og IV på standpunkt og eksamen (PULS)

		Andel stryk	Andel IV
Termin 1	2014/15	15,98	9,46
	2015/16	17,53	9,66
Standpunkt	2014/15	12,68	6,21
	2015/16	10,9	6,52
Eksamen	2014/15	9,69	
	2015/16	9,03	

1.3 Gjennomsnittleg fråvær (PULS)

2014/15	timar	19,53
	dagar	11,69
2015/16	timar	21,82
	dagar	11,25

1.4 Andel sluttarar Avbrottsdato frå 1/10 (PULS)

2014/15	52 elevar
2015/16	47 elevar

1.5 Utfordringar og konsekvensar for mål og tiltak i utviklingsplanen 2016/17***Korleis vurderer skulen tilstanden når det gjeld fullført og bestått, stryk/IV og fråvær i fag og utdanningsprogram?***

Vi ser lite endring på dette området, sjølv om vi har sett i verk tiltak. Vi skal ha ned fråveret, og vi skal ha fleire elevar gjennom med fullført og bestått. Ein del av årsaka til at vi ikkje lukkast betre her, kan vere at vi ikkje greier å følgje tett nok opp på eit tidleg stadium,. Vi har gode system, og kontaktlærarane følgjer i stor grad prosedyrane, men vi greier likevel ikkje å «hanke inn» elevane når dei først har begynt å få problem med stort fråvær eller fagvanskar/motivasjon. Vi ser også at det er stor skilnad mellom dei ulike utdanningsprogramma. Det er ca 80% fullført på studieførebuande utdanningsprogram, medan det er om lag 70% på yrkesfag. Påbygg ligg nedst med om lag 65% fullført.

Forskning viser at mykje av fråfallet skjer i overgangen frå ungdomsskulen til vidaregåande og mellom nivåa i vidaregåande opplæring. Kva system har skulen for å sikre desse overgangane?

Vi har årlege «overføringsmøte» mellom våre rådgjevarar og rådgjevarane på ungdomsskulane vi rekrutterer frå. Her kan vi fange opp elevar som vil ha behov for ekstra støtte i overgangen. Dei kan t.d. kome på besøk på skulen i forkant, og vi kan starte å tilpasse opplæringa frå første stund.

For dei fleste elevar vil ordningane med utprøvdagsdag gjennom faget utdanningsval vere med på å gjere dei kjend med skulen og dei ulike utdanningsprogramma våre, slik at dei fleste som startar hjå oss har vore her før i 9. og 10. klasse.

Ved skulestart har vi eit eige opplegg dei første par dagane, med hovudvekt på å bli kjend med lærarar og medelevar. Vi gjennomfører også startsamtale med alle Vg1-elevar med føresette andre veka i skuleåret. Vg2 og Vg3 har også elevsamtale med kontaktlærar i løpet av dei første to vekene av skuleåret. Her kan vi avklare forventningar og kartlegge eventuelle tilretteleggingsbehov m.m.

Vi har kartleggingsprøver i sentrale fag, og tidlege basisgruppemøte for alle Vg1-klassane for å fange opp og samordne tiltak for elevar som treng ekstra oppfølging.

Vidare har vi foreldremøte for Vg1 tidleg i skuleåret, for å sikre eit godt samarbeid med heimen.

Kva utfordringar ser skulen når det gjeld sluttarar?

Vi ser at mange av dei som sluttar, gjer det fordi dei har fått jobbe eller læreplass, har gjort omval/bytt til anna programområde eller begynt på annan skule. Likevel er det for mange som sluttar personlege årsaker/sjukdom eller annan årsak/ikkje oppgitt. Vi trur at vi kunne unngått at mange av desse elevane slutta, om vi hadde fått følgt dei betre opp på eit tidlegare tidspunkt. Ofte ser vi at prosessen er komen så langt når vi kjem på banen at det ikkje er råd å få dei til å halde fram.

Kva konsekvensar får desse vurderingane for skulen sitt utviklingsarbeid?

Vi ser at vi treng å arbeide med inkludering og læringsmiljø frå skulestart og gjennom året. Fråfall er ofte eit resultat av utanforska; at elevar ikkje kjenner tilhøyre til skulen, at dei ikkje meistarar faglege utfordringar eller at dei strevar med det sosiale og manglar vener. Det er viktig at vi held fram med å arbeide med tiltak som sikrar gode lærar-elev-relasjonar gjennom god og tydeleg klasseleiing. Samstundes ser vi at vi treng å arbeide meir systematisk med elev-elevrelasjonen. Her vil vi også trekke elevrådet meir med i arbeidet. Vi ynskjer også å få til eit meir systematisk samarbeid med heimen når det gjeld ikkje myndige elevar.

2 Prioriterte tiltaksområde 2015/16

2.1 Vurdering for læring

Skulen si vurdering i lys av:

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

2.1.1 Vurdering av «vurdering for læring»:

Korleis vurderer skulen eigen vurderingspraksis gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:

Vi ser at det er utfordringar knytt til vurderingsarbeidet ved skulen, særskilt innanfor særskilte område som eigenvurdering og vurdering for læring. Når vi drøftar resultatane av Elevundersøkinga med elevane, viser det seg likevel at det er ein del misforståingar knytt til ulike omgrep vi nyttar om vurdering, så her kan det vere feilkjelder. Elevane ser likevel ut til å sakne konkrete framovermeldingar m.o.t. fagleg utvikling. Dette er knytt til motivasjon, og vi treng å arbeide vidare med dette området. Førre skuleår arbeidde lærarar og elevar saman fram vurdering og motivasjon som to forbedringspunkt som skulen satsar på, og dette har vi arbeidd med gjennom skuleåret. Det ser likevel ut til at det tar tid å endre oss, slik at vi nok først vil sjå resultat her om nokre år. Vi kan ikkje sjå målbar framgang på elevundersøkinga i år.

2.1.2 Utfordringar innan «vurdering for læring»

Utfordringar:

Eigenvurdering: lærarar har svært ulik praksis her, og det er kan hende uklart for mange elevar kva som ligg i omgrepet «å vurdere eige arbeid». Vi treng å arbeide systematisk med å gjere elevane medvitne på eigen læringsprosess, slik at dei betre kan nyttiggjere seg eigenvurdering og tilbakemeldingar/framovermeldingar til å bli betre i faga. Vi arbeider vidare med FYR-satsinga vår, og vi vil halde fram det gode arbeidet ute på avdelingane og i faggruppene for å utvikle ein meir læringsstøttande vurderingspraksis.

2.2 Bruk av IKT i læringsarbeidet

Skulen si vurdering i lys av:

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

2.2.1 Vurdering av «bruk av IKT i læringsarbeidet»:

Korleis vurderer skulen «bruk av IKT i læringsarbeidet» gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:

Vi har mange lærarar som er svært dyktige til å bruke IKT-verktøy i undervisninga. Vi er gode på å bruke It's learning og heimesida til kommunikasjon med elevar og føresette. Mange elevar strevar likevel med enkle ting som lagring og personvern. Dei arbeider tungvint og ineffektivt på dataen.

2.2.2 Utfordringar innan «bruk av IKT i læringsarbeidet»

Utfordringar:

Det er utfordrande at det kan ta lang tid før alle elevane har skaffa seg datamaskin. Det er også einskilte utfordringar knytte til programvare m.m., dels grunna manglande kompetanse hjå elevar. Vi ser også at ein del elevar har vanska med å halde fokus og let seg friste av spel og annan utanomfagleg aktivitet i timane. Dette er både eit IKT-spørsmål og eit spørsmål om klasseleiing.

2.3 Klasseleiing

Skulen si vurdering i lys av:

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

2.3.1 Vurdering av «klasseleiing»:

Korleis vurderer skulen arbeidet med «klasseleiing» gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:

Vi skårar framleis lågt når det gjeld arbeidsro. Det er også ei utfordring å få meir felles reglar og regelhandtering. Vi ser likevel at dei fleste elevane opplever at dei har gode relasjonar til lærarane sine: dei opplever å få god fagleg støtte og at lærarane bryr seg om dei..

2.3.2 Utfordringar innan «klasseleiing»

Utfordringar:

Vi treng å arbeide meir systematisk med elev-elevrelasjonen. Her vil vi stille tydelegare krav til klasseleiing hjå særskilt kontaktlærarane. Gjennom klasselærarmøte og gjennom bruk av verktøy frå udir og VIP makker, vil vi arbeide meir systematisk for å hindre utanforskap. Verktøy kan t.d. vere bruk av klassekart med tidsavgrensing for å fremje inkludering og samarbeid mellom elevane, og bruk av mobilhotell for å sikre betre gjennomføring av handlingsprogrammet i undervisninga.

3 Vurdering av eitt utviklingstiltak skulen har jobba særskilt med

Vi har ingen slike tiltak som vi ynskjer å trekke fram.

4 Prosess knytt til tilstandsvurdering

4.1 Korleis har leiinga lagt til rette for prosessar med tilstandsvurdering gjennom året?

Sjå svar nedanfor.

4.2 Korleis har leiinga sikra forpliktande medverknad og involvering?

Vi har ikkje hatt så stort fokus på utviklingsarbeidet i år. Med ny rektor og omorganisering i leiargruppa, har det blitt lite tid til å prioritere dette arbeidet. Utviklingsplanen var så å seie ein blåkopi frå føregåande år. Tidlegare år har lærarane organisert seg i utviklingsgrupper som med utgangspunkt i den pedagogiske utviklingsplanen har valt seg ut tema og tiltak å arbeide med. Målsettinga frå leiinga si side har vore å forankre planen og skape større eigarskap for lærarane gjennom tiltak dei har nytte av å prøve ut i skulekvardagen. Dette har vore vidareført på avdelingane, i litt ulik utstrekning. Skulen må arbeide meir med å få alle lærarar med i utviklingsarbeidet og gjere organisatoriske grep for å få dette til. Vi har lite fellestid, og tida blir ofte for knapp til å skape rom for erfaringsutveksling og deling. Her prøver vi å få til meir fleksibel bruk av fellestida med nokre langdagar og to halve planleggingsdagar på strategiske tidspunkt i løpet av året. Avdelingsmøta må og brukast meir systematisk for involvering og tilbakemelding.

4.3 Korleis sikrar leiinga at heile det pedagogiske personalet er involvert i gjennomføring av utviklingsarbeidet?

Sjå over

4.4 Korleis har skulen sikra elevmedverknad i utviklingsarbeidet?

Elevane har vore med i arbeidet gjennom drøftingar i klassens time (t.d. resultatet av Elevundersøkinga), og gjennom elevrådet. Elevrådet er med i arbeidet gjennom uformelle lunsjmøte med rektor, der dette er eit av fleire tema.

4.5 Kva har vore dei største utfordringane for å lukkast med utviklingsarbeidet?

Sjå punkt 3.4. om felles møtetid m.m. Vi må difor arbeide vidare med å utvikle eit system der lærarane sjølv tar større ansvar for organisering. Skuleleiinga må på si side etterspørje resultat og følgje opp lærarane meir systematisk i utviklingsarbeidet. Vi håpar å kunne få til gode prosessar her, i og med at det nye styringsdokumentet legg opp til ei tettare oppfølging m.a. gjennom observasjon.

Vi har dei to siste åra lukkast noko meir med å få elevane med i utviklingsarbeidet gjennom prosessen med læringsplakaten. Ordninga med «klassens time» er eit godt samlingspunkt for dette arbeidet for både elevar og lærarar.

5 Nytt styringsdokument 2016-2018 – prosessen vidare**5.1 Kva vil skulen legge vekt på i planlegging av arbeidet med å forankre nytt styringsdokument i organisasjonen?**

Vi ser at vi framleis har utfordringar knytte til områda Klasseleiing og Vurdering for læring. Desse temaa vert vidareført. Vi ser at det nye styringsdokumentet legg ansvar på ulike aktørar i skulesamfunnet, og dette vil etter vår meining gjere det lettare å forankre arbeidet i alle deler av organisasjonen. Vi vil arbeide systematisk med elevrådet, med lærarane gjennom tillitsvalde og på avdelingane, og med andre tilsette. Vi har starta arbeidet med organisasjonane og på dei ulike avdelingane, men vi har ikkje laga utviklingsplan for neste år enno. Vi treng å arbeide saman for utvikle nokre felles utviklingsmål, nokre avdelingsvise og kanskje også nokre individuelle mål. Vi må også arbeide fram gode løysingar når det gjeld observasjon og samhandling, som passar ulike fagområde. Leiargruppa vil delta på eit kursopplegg om skolevandring for å auke kompetansen sin på dette området.